



En Til En Arkitekter AS
Marianne Ø. Aasebø
Vaskerelven 8
5014 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/1572 - 23/11616

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2023

Revidert igangsettingsløyve 1 grunn-og terrengarbeid B1b-05 einebustad Sveåsen gbnr 322/18 m.fl. Mjåtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 161/23
Tiltakshavar: Sveåsen AS
Ansvarleg søkjar: En Til En Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

REVIDERT VEDTAK

Vedtaket erstattar igangsetjingsløyve 1 DS 151/23 av 09.02.23 i same sak 22/1572 pga. skrivefeil.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve for delar av tiltaket - til igangsetting av grunn -og terreng for einebustad med bod og carport på tomt B1b-05 gbnr 322/18 i Sveåsen på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 04.08.22 med vilkår gjeld for tiltaket. Vilkår skal stettast.
2. Før oppstart skal det takast vassprøver av fangdam 3.
3. Det skal utførast kontinuerleg ukentleg visuell kontroll av fangdam 2 og 3, med foto (gjerne mobilfoto) som dokumentasjon av situasjonen i fangdam 3. Resultat av vassprøvene må førast i loggbok. Ved gjennomsnitt turbiditet over 2,2 FNU, må det gjerast grep for å betre vasskvaliteten og arbeidet må opphøyra umiddelbart til utbetring er gjennomført.
4. Vilkår i løyve for felles veg og avkøyrslø i sak 21/5193 skal stettast.
5. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med framtidig løyve til påkopling i sak 23/695.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg i sak 23/695.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrse i sak 21/5193.
4. Godkjenning av veg, avkøyrse og VA-anlegg av Samferdsel avdelinga.
5. Vegsystem med varmekablar skal vere på plass og fungere ved bruksløyve/ferdigattest.
6. Det skal lagast ordning for oppfølging av vasskvalitet på overvatn med evt. prøvetaking, analyse og rapportering til kommune.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for grunnarbeida på felt B1b, tomt 05 for einebustad med bod og carport med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 211 m².

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av avkøyrse, interne vegar og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Felles veg og avkøyrse skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta i sak 21/10465, datert 03.02.22.

Det er gjeve rammeløyve og igangsetjingsløyve i sak 21/5193 den 16.02.22 for oppføring av veg, VA-anlegg for heile feltet Sveåsen med 25 buëiningar.

Det er mottatt røyrleggjarmelding i sak 23/695 for tilkopling til kommunalt VA-anlegg den 23.01.23, melding er ikkje handsama per dags dato.

Kommunen har i vedtak av 04.08.2022 gjeve rammeløyve for dette tiltaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.02.23 og røyrleggjarmelding mottatt 23.01.23 i eigen sak 23/695.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den vart motteken 06.02.23 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

